

## Styremøte SFSG 13.12.18 Felleskjøpet Skei

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Jostein Flatland, Thomas Manseth Bjørhovde og Solgun Haugen  
Forfall: Odd-Jarle Øverås

### **Sak 44/18. Tilbakemelding frå styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte**

Thomas; møte Hordaland avlsutvalet 5.juni, tillitsvaldsamling  
Jo; Geitegruppa 5.sept planlegga geitehelga, tillitsvaldsamling, geitehelg 24-25.nov  
Ragnhild; tillitsvaldsamling, geitehelga 1 dag, møte kontaktutval for rovvilt 14.nov  
Solgun; ingenting  
Odd-Jarle; rep.møte, tillitsvaldsamling, fylkesmeisterskap gjetarhund  
Jostein; tillitsvaldsamling

### **Sak 45/18. Oppdatert rekneskap**

Styret tok rekneskapet til orientering.

### **Sak 46/18. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa**

Avlsutvalet for sau – vellukka kåringsomgang

Geitegruppa – arrangert Geitehelg

Gjetarhundnemnda – jamn god treningsaktivitet i laga. Sunnfjord og Ytre Sogn gjetarhundlag arrangerte flott fylkesmeisterskap gjetarhund 6.-7.okt på Lunde i Gaular. Klasse 1,2 og 3 på laurdag. God deltaking i alle klassar. Sundag kl 3. Dei 5 beste gjekk til finale i dobbelthent. Fylkesmeister vart Roger Løvik med Ayla. Magnus Grimeland med Sanki representerte Sogn og Fjordane på NM. Gjetarhundnemnda har sendt skriv til gjetarhundrådet med ynskje om at minimumskvotane til NM vert auka frå 1 til 2 ekvipasjar. Nordfjord Gjetarhundlag arrangerte landsprøve (Norgesserie) 21.-22.okt. Ei god prøve.

Ammegeit gruppa – manglar instruks på kva dei skal jobba med. Må få inn innspel på kven som bør sitja i ei slik gruppe. Plan laga til ei gruppa, lagar til instruks kva skal fokusera/jobba med.

### **Sak 47/18. Oppsummering av tillitsvaldsamling 2018**

Dei som var der var engasjerte. God stemning. Vellukka arrangement.

Brukbart oppmøte. Glad for vart arrangert. Fortsetta med dette.

Diskuterte kva som kan gjerast for å få med yngre folk og kvinner på samlinga.

### **Sak 48/18. Oppsummering «Geitehelga»**

Det var godt oppmøte med 60 deltakarar. Presentasjonane og diskusjonane var interessante og stemninga var god. Arrangementet var velluka.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

## **Sak 49/18. Årsmelding 2018 – fordeling av oppgaver**

Fordelte arbeidsoppgaver på dei ulike styremedlemmane.

## **Sak 50/18. Årsmøte 2019. Program dag 2. (fagdag) Status - fordeling av oppgaver.**

Årsmøtet vert 1.mars med fagdag den 2.mars. Styret diskutert tema for fagdagen.

## **Sak 51/18. Kandidatar Lykkeprisen og Gromsauen**

Styret har sendt e-post til alle lokallaga og oppfordra dei til å koma med innspel på kandidatar til Lykkeprisen og Gromsauen.

Styret i SFSG har motteke forslag til kandidatar til Lykkeprisen og Gromsauen. Desse vert sendt vidare til NSG sentralt.

## **Sak 52/18. Apotekavtale for 2019**

Styret fylgjer opp dette.

## **Sak 53/18. Status gamle saker (organisasjonsnummer/namn)**

Organisasjonsnummer – 11 lokallag utan org.nr pr 13.12.18.

Feil namn – 6 lokallag har framleis «sau-og geitagslag» i namnet

Styret diskuterte kva dei skal gjera for å få lokallaga til levera inn årsrapportar innan fristen som i fylgje lagslovene er 15.februar. For å kunna møta på fylkesårsmøte må årsrapport, årsmelding og revidert rekneskap vera levert til styret i SFSG.

## **Sak 54/18. Ymse**

### a) Ny dyrehelseforskrift

Styret diskuterte om SFSG skal engasjera seg i den nye dyrehelseforskrifta, der det er kome inn kompetansekrav og krav om smittevernplan. Vart bestemt at avventar for å sjå kva som kjem frå td Animalia. Oppmoda lokallaga om arrangera noko for medlemmane sine.

### b) Samling for unge bønder

Styret vart einig om å prøva å få til nok for unge bønder. Kanskje i samband med leiarsamlinga. Har «unge bønder» midlane ståande.

### c) Ny soneforskrift CWD

SFSG gjere ikkje noko spesielt foreløpig. Solgun held styre oppdatert om det er noko SFSG kan gjera.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

# Sogn og Fjordane Sau og Geit



## d) Status fylkesfellingslaget

Ragnhild orientert styret om status for fylkesfellingslaget. Fylkesfellingslaget rapporterer ikkje, som tidlegare, til organisasjonane som FSFG, Bondelaget og Småbrukarlaget.

Klar beskjed frå tillitsvaldsamlinga at det skal ikkje brukast ei krona meir på fylkesfellingslaget før me får informasjon og at me heller ikkje låner ut kikkerten.

Fylkesmannen si Landbruksavdeling jobbar med få til ei anna ordning/organisering av fylkesfellingslaget.

## e) FB-sida til SFSG

Styret diskuterte litt kven som skal få tilgang til denne FB-sida. Bør ha tilknytting til næringa. Vilkår nye medlemmar; må vera medlem SFSG.

Styret kan gjera unntak for styremedlemar i faglag på fylkesnivå/andre interesseorganisasjonar og rådgjevarar innan landbrukssamvirke.

## f) Felles retningslinjer for nemnder og utval i SFSG

Styret gjekk gjennom utkast til felles retningslinjer for nemnder/utval i SFSG

Det vert lagt ut på heimesida etter årsmøtet, og sendt ut til alle gruppene/nemndene.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599